

Referat frå møtet i Vest-Telemarkrådet 23. mai 2023 kl. 13.00-15.30 på Karl Johan Hotel i Oslo

Tilstades:

Regionordfører og ordfører i Nissedal Halvor Homme
Regionvaraordfører og ordfører i Kviteseid Bjørn Nordskog
Ordfører i Tokke Jarand Felland
Ordfører i Fyresdal Erik Skjervagen
Ordfører i Vinje Jon Rikard Kleven
Ordfører i Seljord Beate Marie Dahl Eide
Rådmann i Seljord Rikke Raknes
Kommunedirektør i Nissedal Sverre Sæter
Rådmann i Vinje Jan Myrekrok
Kommunedirektør i Fyresdal Ulf Pedersen
Kommunedirektør i Tokke Finn Arne Askje
Kommunedirektør i Kviteseid Laila Thorsen
Fagsjef hos statsforvaltaren i Vestfold og Telemark Mats Willumsen
Regionrådsleiar i VTR Anne Aasmundtveit
Utviklingsleiar i VTR Torunn Räftevold Rue
Fylkessenterleiar i Vestfold og Telemark fylkeskommune Johannes Rindal deltok i sakene 14-16 og 20-21.

Regionordfører Halvor Homme ynskte velkomen til rådsmøte

Sak 14/2023 Referatsaker

- Referat førre møte
- Oppsummering av innspel til *Regional strategi for alternative kollektivløsningar i områder med lavt passasjergrunnlag*, frå Vestfold og Telemark fylkeskommune
- Tilsegn om kr. 100 000 i Fjellandbruksmidlar frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark til prosjektet *God agronomi i det grønne skiftet* – eit forprosjekt

Vedtak: *Referatsaker vart tatt til orientering*

Sak 15/2023 Orientering

Regionordfører Halvor Homme orienterte om oppfølging av prosess rundt nedlegging av poliklinikken ved Seljord DPS.

Vedtak: *Samhandlingskoordinator Kari Gro Espeland vert invitert til rådsmøtet 14. november 2023 for å orientere om partnerskapet.*

Sak 16/2023 Høyringsuttale: NOU: Leve og oppleve - Reisemål for ei berekraftig framtid

Anne Aasmundtveit ga ei kort orientering om saka.

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet vedtek høyringsuttale til NOU 2023:10 – Leve og oppleve – Reisemål for ei berekraftig framtid slik den ligg føre*

Sak 17/2023 Søknað Bygdevekstavtale

Torunn Raftevold Rue orienterte om søknaden.

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet rår kommunane i Vest-Telemark til å støtte opp om at det blir sendt ein søknad om bygdevekstavtale*

Sak 18/2023 Omorganisering av Vest-Telemarkrådet til interkommunalt politisk råd

Regionordfører Halvor Homme la fram saka.

Rådet drøfta tingmøta, både innhald og form. Det vil kunne vera aktuelt å ha tingmøte på teams og ei to-dagars samling.

Ordfører Beate Marie Dahl Eide presenterte sine endringsforslag som var sendt inn per epost i forkant av møtet.

Framlegg frå ordfører Beate Marie Dahl Eide:

1) 4.1 Avsnitt 2

Endrast frå:

Ordfører, varaordfører og eit anna kommunestyremedlem i dei deltakande kommunane utgjer medlemene av Vest-Telemarktinget. Det blir oppnemnd personlege vararepresentantar for kvar representant.

Endrast til:

Formannskapa i dei deltakande kommunane utgjer medlemene av Vest-Telemarktinget. Varamedlemmer til formannskapa er varamedlemer til Vest-Telemarktinget.

2) 4.1 Avsnitt 11

Endring i kulepunkt 5:

Endrast frå: Val, oppnemning og tilsettingar

Endrast til: Val og oppnemningar

3) 4.1 Avsnitt 11

Stryk kulepunkt 6: Oppnemning av regionråd og andre underutval

4) Tillegg: Regionrådet tilset dagleg leiar

Framlegg i møtet:

5) Endring av titlar:

a. Regionordfører endrast til regionleiar

b. Regionvaraordfører endrast til regionnestleiar

c. Regionrådsleiar endrast til dagleg leiar

6) Delegeringsreglementet for Vest-Telemarkrådet blir nemnt i ny samarbeidsavtale

7) Ein av dei deltakande kommunane fører rekneskapen til rådet. Ikkje nemne Fyresdal spesifikt.

Alle framlegga til endring vart vedtekne.

Vedtak: *1) Vest-Telemarkrådet konstituerer seg sjølv i fyrste møtet etter kommunevalet – det må veljast ein leiar og nestleiar fram til ordinært val i tingmøtet 5. desember 2023.
2) NN kommune vedtek samarbeidsavtale for Vest-Telemark interkommunalt politisk råd slik avtala ligg føre.*

Sak 19/2023 Markering av Vest-Telemarkrådet 30 år

Vedtak: *Administrasjonen er ansvarleg for å lage ei enkel markering på Morgedal Hotel*

Sak 20/2023 Berekraftig mobilitet og kollektivtransport

Anne Aasmundtveit orienterte om saka.

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet stiller seg positive til at administrasjonen i Vest-Telemarkrådet inngår eit samarbeid med fylkeskommunen om berekraftig mobilitet og kollektivtransport*

Sak 21/2023 Vest-Telemarkrådet sine samferdselsprioriteringar

Regionvaraordførar Bjørn Nordskog orienterte om saka.

Framlegg frå ordførar Beate Marie Dahl Eide:

- 1) Punkt 2 og 5 i vedtaksframlegget byttar plass
- 2) Rette frå Nordbygda til Nordbygdi i vedlegget
- 3) Endre dei to siste avsnitta i vedlegget til:

Den utarbeidde reguleringsplanen bør oppdaterast og omfatte heile strekninga fram til påkoblinga E134/RV 36. Prosjektet bør gjennomgåast og det bør lagast oppdaterte kostnadskalkylar.

Det er viktig å få forbetra den krappaste kurvaturen i noverande trasé. For resten av strekninga bør ein vurdere om noko kan gjerast med talet på sideveggar og generell oversikt over trafikkbiletet. Det er dessutan behov for om lag 250m GS-veg for å knyte seg til GS-vegen som startar ved avkjøringa til Bjørge gard.

Endringsframlegga vart vedtekne.

Vedtak: *Samferdsels-infrastruktur: Vest-Telemarkrådet si prioritering for statsbudsjettet 2024 og komande NTP (2025-36)*

1. For dei store prosjekta sluttar vi oss til Statens vegvesen si prioritering av nytt løp i Oslofjord-tunnelen og tunnel Seljestad-Røldal, begge på E134. Vest-Telemarkrådet vil også trekke fram prosjektet Saggrenda-Elgsjø (Meheia) på E134.

Vest-Telemarkrådet vil understreke den store betydning alle tre prosjekta har for regularitet og trafikk-tryggleik i kvart sitt område. Alle tre har godkjende planar der bygginga kan setjast i verk på kort varsel.

2. Når det gjeld tiltak og investeringar knytt til jernbane, havner og farled, støttar Vest-Telemarkrådet seg på vurderingane som blir gjort i fylkeskommunen og stiller seg bak deira prioriteringar.
3. Strekninga Morgedal-Brunkeberg-Seljord (Nordbygda) på E134 treng oppdaterte planar. Vest-Telemarkrådet ber derfor Statens vegvesen starte opp arbeidet med å revidere planane frå 2010 og legge til grunn ein standard som samsvarar med status for vegen.
4. Fylkesvegane i Vest-Telemark er i forfall og treng betydelege midlar. Behovet er godt dokumentert av fylkeskommunen. Det trengs også investeringsmidlar til å utvikle fylkesvegnettet for å understøtte målsetjinga om desentralisert busetjing og næringsverksemd. Staten må auke dei årlege beløpa til Telemark fylkeskommune til fylkesvegformål til eit betydeleg høgare nivå.
5. Statens vegvesen foreslår auka satsing på drift og vedlikehald i åra som kjem. Dette meiner vi er rett prioritering. For Vest-Telemark er det nå ei rad mindre og mellomstore tiltak som ventar på finansiering for å kunna bli realisert. Dette gjeld strekninga Bøgrend-Seljord på E134, der spesielt Særensgrind-Kjeringdalen er kritisk i forhold til vinterproblematikk. For RV41 er dei prioriterte strekningane Steane-Vrådal, delvis inkl. GS-veg, samt Kviteseidkleivane, GS-veg Kvitsund-Kviteseid og nytt kryss for avkjøring til Kviteseid. Det er viktig at dei delprosjekta som er omtalt i saksutgreiinga her blir realisert så snart som mulig og i den rekkefølgja som Statens vegvesen ser er rasjonell. Alt i alt trengst det betydelege midlar.

Sak 22/2023 Møte med telemarksbenken

Rådsmøtet førebudde møtet med benken.

Sak 23/2023 Eventuelt

Ingenting kom opp under eventuelt